



Varme AS
Eline Gro Hjorth
Postboks 20 Kristianborg
5822 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2185 - 18/18821

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
07.09.2018

Godkjenning- reoperasjon av pipe - GBNR 23/37 Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 226/2018

Tiltakshavar: Cassandra Aadland Wold
Ansvarleg søkjar: Varme AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) §§ 20 - 1 og 20 - 3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Varme AS har på vegne av tiltakshavar, Cassandra Aadland Wold, søkt om løyve til rehabilitering- stålforing av eksisterande pipa på gbnr. 23/37. Det vert ingen synleg endringar på bustad. Den andre pipa vert uendra.
Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 05.09.2018.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21 - 3 første ledd. Ettersom tiltaket i lita grad berører naboar sine interesser, finn kommunen likevel ikkje grunnlag for å krevje nabovarsling, jf. andre ledd.

Lov - og plangrunnlag:

Nedsenking av stålforing i pipe er ein vesentleg endring av installasjon etter pbl § 20- 1 bokstava), og er søknadspiktig med krav om ansvarleg føretak etter pbl § 20 - 3, jf. § 20 - 2.

Tiltaket si plassering:

Ansvarleg søkjar har opplyst at tiltaket skal ikkje endre utsjånad av tidlegare godkjent pipe.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen finn at ei endring av pipe stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 05.09.2018. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1. Ansvarleg søkjar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a) løyve til endring av eldstad – nedsenking av stålforing på gbnr. 23/37, jf. søknad journalført motteke 05.09.2018.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift.

Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - reoperasjon av pipe - GBNR 23/37

Søknad om reoperasjon av pipe - GBNR 23/37

Mottakarar:

Varme AS

Postboks 20
Kristianborg

5822

BERGEN